



Kinn kommune  
postboks 294  
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Kinn kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Kinn kommunestyre har i møtet 11.12.2019, sak 75/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

***Ved inngangen til sitt første budsjettår har Kinn kommune ein stram økonomi. For å skaffe kommunen eit handlingsrom, blir det nødvendig å gjennomføre tiltak som reduserer utgiftene og aukar inntektene. Dette må òg bidra til å styrkje kommunens bufferkapital gjennom avsetjingar til frie fond og til eigenfinansiering av investeringar. Frå ei alt høg lånegjeld i tidlegare Flora og Vågsøy, bør kommunen vise moderasjon for nye investeringar som fører til vidare auke av gjelda. Arbeidet som er i gang med handlingsreglar/finansielle måltal og kommunestyrets fastsetjing av desse, blir eit viktig grunnlag for planlegging og styring mot ein berekraftig økonomi for Kinn kommune.***

### Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på - 3 mill. kroner, som utgjer - 0,2 % av driftsinntektene. Dette inkluderer innsparingskrav/salderingar fordelt på tenesteområda med 40 mill. kroner og tilførte midlar for nye tiltak med 39 mill. kroner. For å få til balanse i budsjettet er det brukt 11,3 mill. kroner frå disposisjonsfondet. Etter 2020-budsjettet er disposisjonsfond samanlikna med driftsinntekter rekna til 3 %. Gjennomsnittleg disposisjonsfond for alle kommunar i landet (eks. Oslo) var 11 % i 2018 <sup>1</sup>.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert med 1073 mill. kroner, som er 13,5 mill. kroner meir enn vedteke statsbudsjett. Budsjettet er inklusiv ein forventta ekstra kompensasjon på 6,2 mill. kroner som følgje av reduksjon i distriktstilskot Sør-Norge og lågare inntekter etter flytting (grensejustering) av området Bryggja til Stad kommune frå 2020. Det er budsjettert med 40 mill. kroner i inntekter frå Havbruksfondet. Utbytte frå aksjar i SFE A/S er lagt inn med 16 mill. kroner.

<sup>1</sup> Kostra-konserntal 2018



Kommunen startar på harmonisering av eigedomsskatten i 2020. Utskriving av eigedomsskatt må følgje endringar i eigedomsskattelova vedteke av Stortinget i desember 2019, gjort gjeldande frå 2020. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i brev av 11.11.2019 til kommunar som slår seg saman orientert om *forslag til lovregler om harmonisering av eiendomsskatt ved kommunesamanlåing*, gjeldande frå 2020. Kinn kommunestyre har vedteke å skrive ut eigedomsskatt med følgjande skattesatsar:

- Tidlegare Flora kommune: Generell sats 5 promille, skattesats for bustad/fritid 4 promille.
- Tidlegare Vågsøy kommune: Generell sats 5 promille, skattesats for bustad/fritid 4 promille.

I 2019 hadde Flora kommune ein skattesats på 3 promille og Vågsøy ein sats på 4 promille. I budsjett-dokumentet til kommunen er det m.a. omtalt at *differensiert auke av promillesatsen byggjer på at fylkesmannen har godkjent slik auke i Vågsøy sin vedtekte økonomiplan (2019 – 2022)*. Til orientering så godkjenner ikkje Fylkesmannen skattesatsar for eigedomsskatt i økonomiplanar, og Vågsøy kommune er heller ikkje under statleg kontroll av budsjett og økonomiplanar etter kommunelova (Robek-registrert). Det er Finansdepartementet som rettleiar i spørsmål etter eigedomsskattelova. Dette går og fram i det nemnde brevet frå KMD. Fylkesmannen meiner difor at Kinn kommune må avklare med Finansdepartementet om vedtaket til kommunestyret om utskrivning av eigedomsskatt er gjort i samsvar med eigedomsskattelova og harmonisering av eigedomsskatt ved kommunesamanslåing.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 375 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 320 mill. kroner og resterande med momskompensasjon, tilskot og sal av eigedomar. Brutto lånegjeld er ved utgangen av 2020 berekna til 2,8 mrd. kroner (inkl. utlån til kommunale føretak), som vil utgjere om lag 150 % av budsjetterte driftsinntekter. I 2018 var tilsvarande tal 105 % for gjennomsnittet av alle kommunane i landet (eks. Oslo)<sup>2</sup>. I løpet av 2020 skal kommunen gjennomføre ei analyse av låneporteføljen, som m.a. skal vise samansetjinga mellom sjølvfinansierande lån og der finans- og driftsutgifter må dekkast av frie inntekter.

### **Fylkesmannens vurderingar**

*Før avsetjing til bundne driftsfond er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat. TBU<sup>3</sup> norm er på 1,75 %, som er det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på over tid for å ha ein sunn økonomi. Dette er òg eit framtidig måltal for budsjettguiden til Kinn kommune. Etter avsetjingar til bundne fond er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond for å balansere budsjettet. Det betyr at kommunen brukar av oppsparte midlar. Då blir det vanskelegare å møte uføresette utgifter, eller å ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Kommunane Flora og Vågsøy hadde ei lånegjeld ved inngangen til Kinn som låg høgt over gjennomsnittet for kommunane i landet. Nye låneopptak i Kinn samanlikna med det som er budsjettert i avdrag, bidreg til at lånegjelda aukar samanlikna med driftsinntektene. Dette betyr auka finansutgifter, og den nye kommunen blir meir sårbar for ei ev. auke i renta, som igjen får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane. Det er difor ei rett prioritering å gjennomføre ei analyse av låneporteføljen, som m.a. gjev eit betre grunnlag for framtidig planlegging og avgjerder som påverkar utvikling av lånegjelda og konsekvensar av det.*

*Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert høgare enn framlagt statsbudsjett. Etter at revidert nasjonalbudsjett for 2020 er framlagt, må kommunen i tertialrapporten vurdere om det må gjerast budsjettendringar.*

### **Økonomiplan 2020 – 2023**

---

<sup>2</sup> Kostra-konserntal 2018

<sup>3</sup> Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettert med netto driftsresultat frå 0 til 1,6 %. I sum er det ikkje budsjettert med netto avsetjing til eller bruk av disposisjonsfond, og samanlikna med driftsinntektene vil disposisjonsfond utgjere 3 % ved utgangen av perioden. Dette er etter at det er budsjettert med betydelege innsparingskrav, 54 mill. kroner i 2021 og aukande til 74 mill. kroner i 2023. Skatt og rammetilskot er budsjettert på same nivå som for 2020. Inntekter frå Havbruksfondet er i sum budsjettert med 66 mill. kroner i perioden 2021 – 2023. Utbytte frå aksjar i SFE A/S er budsjettert med 35 mill. kroner årleg frå 2021; dette etter overføring av aksjar frå SF Holding.

I perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar på 890 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 600 mill. kroner og resten med momskompensasjon, tilskot og sal av varige driftsmidlar. Ved utgangen av 2023 er det budsjettert med ei lånegjeld på 3,1 mrd. kroner, som betyr at brutto lånegjeld vil auke til nærare 185 % av budsjetterte driftsinntekter.

Kommunestyret har vedteke finansielle måltal i tråd med *Kinn Budsjettguide 2020* og kommuneplanen sin samfunnsdel om kommunal økonomisk berekraft:

- Langsiktig gjeld/brutto driftsinntekter
- Netto driftsresultat/brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond/brutto driftsinntekter
- Netto finans/brutto driftsinntekter

I økonomiplanen for 2020 – 2023 blir måltala rekna ut i tråd med vedtekne økonomiplantal. Kommunen legg vekt på at val av finansielle måltal må byggje på ein god politisk prosess. I løpet av 2020 skal Kinn kommunestyre difor arbeide vidare med finansielle måltal, og vedta langsiktige mål for desse.

### **Fylkesmannens vurdering**

*Økonomiplanen skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal og syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Fylkesmannen vil påpeike at det først og fremst er kommunestyret som gjennom sitt vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme. I dette ligg det òg at kommunane følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, særleg gjeld dette der inntekter må vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon. For Kinn gjeld dette først og fremst inntekter frå Havbruksfondet og utbytte frå SFE A/S.*

*Det er i gjennomsnitt budsjettert med låge netto driftsresultat i økonomiplanperioden. Det betyr at den frie eigenkapitalen i mindre grad blir styrkt. Frå ei alt høg lånegjeld er Fylkesmannen uroa for at det er planlagt ein vidare sterk auke. Dette får konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet, særleg om det skulle skje ein større auke i renta enn det som er lagt til grunn i kommunens budsjettering.*

Med helsing

Lars Sponheim

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi:

Vestland Revisjon, Postboks 487, 6800 Førde